

Referat frå årsmøtet 2020 i Herøy Sogelag

Årsmøtet skulle eigentleg vere i mars, men på grunn av koronapandemien vart det utsett til hausten. Torsdag 3. september kl. 18.30 møttest vi i kommunestyresalen på Herøy rådhus. Medrekna styret var vi 16 frammøtte.

Årsmøtesaker:

Johan Moltu vart vald til møteleiar, og Per-Ståle Moltu til skrivar.

Innkalling og sakliste vart godkjende. Det kom ynskje om at innkallinga måtte kome på Facebook og heimesida til sogelaget i god tid – i tillegg til annonse i Vestlandsnytt.

Årsmelding 2019: Sekretæren las årsmeldinga, og denne vart godkjend med nokre merknader: 1: Det var Jannicke Bøe som hadde laga kortfilmen under bydevandringa på Bø. 2: Kjøp av pc og skannar. Skannaren er innkjøpt tidlegare, så berre pc-en er ny. 3: Pakking av *Folk og Fortid* og kalender. Her var Oddbjørg Remøy og eit par andre også med og hjelpte til. 4: Det kom ynskje om at oversikt over arkivet samt rettingar til Herøybøkene m.m. burde kome med på heimesida til sogelaget.

Rekneskap 2019: Vart godkjend utan merknader. Johan Moltu orienterte om at han hadde kontakta kommunen om å overta deler av restlageret av *Heimar og Folk* mot at restlånet kunne ettergjevast. Denne saka vert det arbeidd vidare med.

Kontingent: Medlemskontingenten vert som før på 300 kr både for einskildmedlemmer og familie.

Val: Forslaget frå valnemnda var klart i februar, og i månadane som har gått har det kome til eit par endringar. Alle vala gjekk greitt unna, og resultatet vart:

Leiar:	Johan Moltu	vald for eitt år, attval
Medlem:	Jon Olav Kopperstad	vald for eitt år (for å kome i rett gjenge), ny
	Johanne Moltu Lundberg	vald for to år, ny
	Nina Elisabeth Bøe	vald for to år, attval

(Johan Sundnes var alt vald av kommunestyret. Han tek over etter Steinar Åheim. Sølvi Woldsund Myrhol stod ikkje på val.)

Varamedlem:	Hildur Lid Hole	eitt år, ny
	Gunnhild Maurstad	eitt år, ny
	Hege Beddari	eitt år, attval
Revisorar:	Anna Aasmo	eitt år, attval
	Bertha Johannessen	eitt år, attval
Valnemnd:	Aase Sivertsen	eitt år, attval
	Aud Karen Pettersen	eitt år, attval
	Oddbjørg Remøy	eitt år, ny

Det var tre styremedlemmer som gjekk ut av styret, og desse vart heidra av årsmøtet: Margrete Kvalsvik har vore med i styret i fleire år, og ho var også med i arbeidet med *Heimar og Folk*. Per-Ståle Moltu har vore med i styret i 20 år og var prosjektleiar for arbeidet med *Heimar og Folk*. Sist med ikkje minst: Steinar Åheim som har vore med i styret i 30 år og var mykje med i arbeidet med *Heimar og Folk* og med *Herøykalenderen*. Alle tre fekk overrekket gåver, og Steinar og Per-Ståle vart også utnemnde til æresmedlemmer i Herøy Sogelag.